

Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3778 - 22/91247

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
29.11.2022

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 445/488 Manger nedre

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr:</b>
<b>Tiltakshavar:</b>	Langhøyane As
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Florvaag Hus As
<b>Søknadstype:</b>	Søknad om endring av tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til planering av terreng, vedtak datert 19.05.2022. Endringa gjeld heving av terrenget på to av tomtene på bustadfeltet.


Det er allereie gjeve løyve til planering på regulert kotehøgde. Tiltakshavar ynskjer å heve terrenget med 0,8 meter, til kote + 12,8 moh. Endringa er ynskjeleg for å få tilstrekkeleg fall til avløpsleidningar. Endringa er og ynskjeleg for å komme nærare godkjente planeringshøgder på naboatomter i syd.

Søknaden omfattar grunn og terrengarbeid, samt søknad om dispensasjon frå arealplanar.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langhøyane – bustadområde plan ID nr. 12602011000100 er definert som område for bustader-frittliggjande-småhus. Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Situasjonskart:



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealplanar. Regulert kotehøgde på 12,0, vil endrast til 12,8.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post [mette.robertsen@alver.kommune.no](mailto:mette.robertsen@alver.kommune.no)

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Dispensasjon og endringsvedtak - Planering av tomtear - gbnr 445/488 Manger nedre  
Kart av tomt, profil, plan og lengdeprofil veg og vegplan  
Søknad om endring av gitt løyve - gbnr 445/488 Manger nedre  
Situasjonsplan  
Tegning ny fasade  
Tegning nytt snitt

## Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger